



Svein Ragnar kløyver ved på Rabben

**Skal du sjå dokumentarprogrammet i NRK i kveld klokka 20.40 om Cecilie Skog som saman med 8 andre jenter kravlar til topps på Kilimanjaro? Då bør du låne minst eitt øyre til den bakanforliggjande, stemningskapande musikken. Den er komponert av ein vi med all rett kan kalla halv uskedeling.**

**Rett nok har Svein Ragnar Myklebust (43 år og 2,03 lang) vakse opp på Stord.. Men faren er Rabben-vert Steinar og Svein Ragnar har vore trufast mot Rabben i alle feriane sine.**

Familien har hytte på Rabben og uskedalen.no finn musikaren i arbeid som vedkløyvar - til ein viss avveksling frå dei tangentane han handterar til dagleg. Akkurat no er han spent på Kilimanjaro-programmet som var ein to vekers jobb. Programmet varer i 70 minuttar.

Svein Ragnar har laga musikk heile livet men berre dei siste

10 åra har han livnært seg av det, dei siste 6 som busett i Stavanger. Tidlegare var jobben som pianolærer på Stord basisen hans.

Merittlista er lang og mangfaldig. Han har vore mykje på ferd land og strand rundt saman med kjente artistar, til dømes Hanne Krog som han har vore den musiserande fylgjesvennen til i 11 år.

Så har han spela på Rogaland Teater, til dømes til Sound of Music og Evita. Han har også laga film-musikk, til dømes til filmen om stornazisten Martinsen.

Etter kvart har han skapt seg ein så sikker poisjon at det ikkje er nødvendig med nokon ekstra innsats med marknadsføring. Flyttinga til Stavanger var etter kva vi forstår viktig i denne samnhengen.

Men altså i denne omgangen: Lytt til Kilimanjaro-musikken. Svein Ragnar lovar at den er Afrika-inspirert her og der.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen